




LINDÅS KOMMUNE

# PEDAGOGISK ÅRSPLAN KOLÅS BARNEHAGE 2018 - 2019



DER DRUMAR BLIR  
RØYNDOM

## LEIING OG ADMINISTRASJON I KOLÅS BARNEHAGE



Mona Hagewick  
Einingsleiar



Hanne Haukås  
Styrrar



Nina Iren Myster  
Stedfortredar for styrrar

## PERSONALET PÅ REGNBOGEN



Marianne Fylkesnes  
Pedagogisk leiar



Linn Catrine Eknes  
Barne- og  
ungdomsarbeidar



Miranda Torsvik  
Barnepleiar



Malin Furesund  
Barne- og ungdoms-  
arbeidar

## PERSONALET PÅ GULLGRUVA



Nina Løvoll  
Pedagogisk leiar



Grethe Kjeilen Pickersgill  
Barne- og ungdoms-  
arbeider



Kjersti Nævdal  
Barne- og ungdoms-  
arbeider

## PERSONALET PÅ SORIA MORIA



Cathrine Gjelsvik Støldal  
Pedagogisk leiar



Nina Myster  
Barnehagelærer



Nina Kleiven  
Barne- og ungdomsarbeider



Monica Birknes Sleire  
Pedagogisk leiar og  
barnehagelærer



Anne-Grethe Lauvås  
Assistent




Wenche Onarheim  
Assistent

Christin Stueflotten Olsen  
Hjelpepleiar



Malin Furesund  
Barne- og  
ungdomsarbeider

# INNLEIING



Barnehagelova frå 17. juni 2005 og Rammeplan for barnehagar frå 1. august 2017, gjev retningslinjer for innhald og oppgåver i barnehagen. I Lindås kommune har vi også Kvalitetsplan for Oppvekst og Verksemdsplan som legg føringar for arbeidet vårt. Årsplanen tek utgangspunkt i desse dokumenta.

## Felles visjon og verdiar for Lindås kommune

Den 11. juni -09 samla kommunestyret seg om ein felles samfunnsvisjon for kommunen vår. Visjonen for Lindås er ”**Der draumar blir røyndom**”. Visjonen er knytt til eit sterkt symbol, flammen. Sjølv sagt har flammen ein link til energikommunen Lindås, men den peikar òg mot dei mange eldsjelene som arbeider og som bur i Lindås kommune. Eit godt døme på dette er talet på frivillige lag og organisasjonar i kommunen.


For å arbeide mot å oppfylle visjonen så langt råd er, har dei tilsette i Lindås kommune 4 verdiord vi saman har fokus på.

## Orda er framtidretta, inkluderande, kvalitetsbevisst og tenestevillig.

- \* I ordet **framtidretta** ligg mellom anna å ta tak i nye utfordringar, finne fram til gode mål og gode prosessar for å nå desse måla.
- \* Ordet **inkluderande** har eit innhald som skal tyde på at alle skal ha høve til å realisere nokre draumar. Det er òg eit viktig ord for arbeidsmiljøet.
- \* Å vere **kvalitetsbevisst** betyr at det må liggje fag og dugleik bak for å skape ein god kommune å bu i.
- \* **Tenestevillig** handlar om måten vi møter folk på.

*”Historien går ikke sin egen gang.  
Den har ikke engang et mål.  
Det er mennesket som driver historien framover.  
Det er mennesket som skaper historien.  
Hvert menneske som blir født,  
er en helt ny og unik begynnelse”.*


- Hannah Arendt



I 2016 vart det utarbeida kvalitetsplan for oppvekstsektoren, som gjeld fram til 2028. Hovudmålet for kvalitetsplanen er: «Trygge barn i Lindås». Målsetjinga vår i Kolås bygger på målet i kvalitetsplanen til oppvekst: **«Trygge born som deltek, meistrer og lærer»**

Vi arbeider vi kontinuerleg med kvalitetsutvikling, målsetnader, læringssyn, barnesyn og personalutvikling.

Sjå elles kap 3. **Fagområda** i forhold til våre pedagogiske mål.






# INNHALD

<b>KAP.1 BARNEHAGENS FORMÅL, VERDIGRUNNLAG OG OPPGÅVER</b>	<b>s.10</b>
1.1 Barnehagen sitt formål	s.10
1.2 Barnehagen sitt innhold og verdigrunnlag	s.10
1.3 Barns medverknad	s.10
1.4 Samarbeid med barnet sin heim	s.13
<b>KAP.2 OMSORG, LEIK OG LÆRING</b>	<b>s.15</b>
2.1 Barnehagen skal ivareta barnet sitt behov for omsorg	s.15
2.2 Leik	s.15
2.3 De Utrolige Årene	s.17
2.4 Dinosauruskulen	s.18
2.5 Språkleg kompetanse	s.18
2.6 Læring gjennom filosofien i Reggio Emilia	s.19
2.7 Sosial kompetanse	s.20
2.8 Trafikksikker kommune	s.21
<b>KAP.3 FAGOMRÅDA</b>	<b>s.22</b>
3.1 Kommunikasjon, språk og tekst	s.23
3.2 Kropp, rørsle, mat og helse	s.25
3.3 Kunst, kultur og kreativitet	s.27
3.4 Natur, miljø og teknologi	s.29
3.5 Tal, rom og form	s.31
3.6 Etikk, religion og filosofi	s.33
3.7 Nærmiljø og samfunn	s.35
<b>KAP.4 PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING</b>	<b>s.37</b>
4.1 Planlegging	s.37
4.2 Dokumentasjon	s.37
4.3 Vurdering	s.37
<b>KAP.5 SAMARBEID</b>	<b>s.38</b>
5.1 Overgangar	s.38
5.2 Dinosauruskulen	s.39
5.3 Samarbeid med hjelpeinstansane	s.40
5.4 Utdanningsinstitusjonar	s.40
<b>KAP.6 DIVERSE INFORMASJON</b>	<b>s.41</b>
6.1 Telefonnummer i Kolås barnehage	s.41
6.2 Barn på dei ulike avdelingane	s.42
6.3 Vedtekter	s.43
6.4 Barnehageruta	s.48

# KAP.1 BARNEHAGENS FORMÅL, VERDIGRUNNLAG OG OPPGÅVER.



## Kap.1.1 Barnehagen sitt formål

*”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og dannelse som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn, og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”*

(Barnehagelova kap. 1 § 1 Formål)

## Kap. 1.2 Barnehagen sitt verdigrunnlag og innhold

*”Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter.*

*Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur. Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.”*

(Barnehagelova kap. 1 § 2 Barnehagens innhold)

## Kap. 1.3 Barns medverknad

*”Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med alder og modenhet”.*

(Barnehagelova kap. 2 § 3 Barns rett til medvirkning)

*«Barnehagen skal ivareta barna si rett til medvirkning ved å leggja til rette for og oppmuntra til at barna kan få gje uttrykk for sitt syn på barnehagen sitt daglege virke, jf. barnehagelova § 1 og § 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jamleg få mulighet til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen sitt virke. Alle barn skal erfare innflytelse på det som skjer i barnehagen.*

*Barnehagen skal vera bevisst på barna sine ulike uttrykksformer og leggja til rette for medverknad på måtar som er tilpassa barna sin alder, erfaring, individuelle føresetnader og behov. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gje uttrykk for sine synspunkt på eigne vilkår. Barnehagen må observera og følgja opp barna sine ulike uttrykk og behov.*

*Barna sine synspunkt skal tilleggjast vekt i samsvar med dets alder og modning. Barna skal ikkje gjevast eti ansvar dei ikkje er rusta til å ta.»*

(Rammeplanen kap.4 )

### **I Kolås barnehage**

Eit punkt som blir vektlagt i barnehageloven og rammeplanen, er barn sin rett til medverknad.

Barn skal ha rett til å uttala seg, verte høyrte og sett, og verte møtt med respekt.

Borna skal kunne lytte til andre, fremja si meining, men også tole å verte sagt i mot. Borna skal erfare demokratiske avgjerdsler, der dei av og til får det slik dei vil, andre gongar må godta det motsatte.

Barndommen er ei livsfase med eigenverdi i likskap med andre livsfasar i mennesket sitt livsløp. Barnet påverkar sine omgjevnader gjennom sin veremåte. Korleis barn opplever møte med andre, vil påverke deira oppfatning av seg sjølve.

Det er viktig at vi vaksne møter barna på ein måte som formidlar respekt og aksept, tillit og tiltru. Borna sine synspunkt skal tilleggjast vekt i samsvar med alder og modning. Vi tek utgangspunkt i borna sine eigne uttrykksmåtar. Dei yngste borna formidlar sine synspunkt ved kroppshaldning, mimikk og andre kjensleuttrykk. Det er viktig at borna vert oppmuntra til å uttrykke seg og møter anerkjening for sine uttrykk.

Å ta barn sin rett til medverknad på alvor, føreset god kommunikasjon mellom barna og personalet, og mellom personalet og foreldra.

Borna må møte ansvarsfulle vaksne som tar omsyn til heile gruppa.

I løpet av ein barnehagedag er det mange situasjonar der borna kan oppleve demokrati. Det gjeld for personalet å sjå og nytta desse situasjonane.

Det er viktig for oss at årsplanen er utforma på ein måte som gir borna rom for medverknad i kvardagen. Planane skal ikkje vera for detaljerte med omsyn til kva som skal gjerast. Under syner vi korleis vi jobbar med prosjektarbeid på stor avdeling i Kolås barnehage, med tanke på barns medverknad. Målet er at borna skal vera aktive og deltakande i heile prosessen.

### **Mal for prosjektarbeid, Kolås barnehage:**

#### 1. Kva fengjer borna?

Dei vaksne observerer leik og aktivitetar, lytter til innspel frå borna og frå foreldra, for å kartleggja bornas interesser.

#### 2. Oppstart av tema.

Ei oppleving, som vil skape nyskjerrighet og gje inspirasjon til prosjektet.

#### 3. Kva er målet?

Kva vil vi finna ut?

Kva vil vi læra noko om?

Skal vi skapa noko?

Idemyldring eller liknande saman med borna.

#### 4. Prosjektarbeid.

Evaluere arbeidet saman med borna og eventuelt justere mål etter kvart.

#### 5. Avslutning av prosjektet.

Kva har vi funne ut?

Har vi noko vi vil visa fram? Kor? Korleis?

Kor lenge prosjekta varar, er avhengig kor lenge interessa for tema vert oppretthaldt.

Dei vaksne si rolle er å engasjere, halde tråden, undre seg saman med borna og kome med innspel som kan drive prosjekta vidare.

Saman med dei yngste er vi i større grad avhengig av eit personale som er var på bornas nonverbale uttrykk som gester, kroppsspråk og ansiktsuttrykk. Borna skal oppleva å bli hørt og tekne på alvor. Dei skal oppleva at dei har ein reell mulighet til å påverka eigen kvardag. Eit eksempel er når vi går på tur. Vi stoppar opp der borna finn noko spanande; ser på, kjenner på og samtalar om. Borna er ofte glade i å samla på ulike ting. Det borna syner interesse for og samlar med seg, vert gjerne utgangspunkt for små prosjekt i barnehagen. Eksempel på dette er

- Borna som samla og studerte makk. Det vart til prosjekt om MakkLeif.
- Borna som likte å leika med sko- både egne og andre sine. Det vart til eit skoprojekt.
- Borna som samla haustblader i flotte fargar. Det vart til prosjekt om endringar i naturen på hausten.

*Kva flyt?*



*Kven sitt fotspor kan dette vera?*

*Elefanten i Elefantskogen??*



## **Kap. 1.4 Samarbeid med barnet sin heim**

*”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.”*

(Barnehagelova kap. 1 §1)

*”For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og it samarbeidsutvalg”.*

(Barnehagelova kap. 2 § 4)

### **I Kolås barnehage.**

<b>KVA</b>	<b>KORLEIS</b>	<b>KVIFOR</b>
Invitere foreldra til å vera i barnehagen	Ein vanleg barnehagedag Tilstellingar som til dømes - Foreldrecaffi - Lysfest/ Lucia - Sommarfest	Auka samarbeidet mellom barnehage og heim. Uformell kontakt med personalet. Fint for barnet å få foreldra på besøk i barnehagen. Foreldre kan bli kjende med kvarandre.
Foreldresamtalar	Gje foreldre tilbod om samtalar 2 g pr år	Utveksle informasjon om barnet.
Bringe/hente situasjonar	Møte barn og foreldre i garderoben så langt råd er. Ha fokus på barnet når barnet kjem og går.	Vi ønskjer at kvart enkelt barn skal bli sett.
Foreldremøte	Invitasjon eint til to gongar pr. år. Ulike tema som er aktuelle å ta opp. Kanskje diskusjon i grupper ut ifrå temaet som vert tatt opp?	Foreldra får praktiske opplysningar om barnehagen. Vi kan vise kva vi jobbar med. Foreldra kan bli kjende med kvarandre. Dei kan få medverknad på innhaldet i barnehagen.
Mi bok	Foreldra i samarbeid med barnet fortel om familien sin, og kva barna er opptatt av, opplevingar dei har hatt osv.	Barna kan bruke boka i barnehagen når dei vil fortelje andre om familien sin, eller når dei saknar familien sin.
Månadsbrev	Informasjon gjennom månadsbrev frå avdelinga.	Auka samarbeidet mellom heim og barnehage. Informasjon om barnehagedagen.
Vigilo	Digitalt kommunikasjonsverktøy til bruk i samarbeidet mellom heim og barnehage.	Forenkla informasjonsflyt mellom heim og barnehage. Styrka samarbeidet.

### **Foreldreråd og samarbeidsutval**

Alle foreldre i barnehagen er medlem i foreldrerådet. På foreldremøtet om hausten blir det vald foreldrepraesentantar til Samarbeidsutvalet (SU). SU er barnehagen sitt samarbeidsorgan. Det består av representantar frå foreldre, personalet og eigar/kommunen.

SU skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vere med og drøfta barnehagen sine ideelle grunnlag, og arbeide for å fremje kontakten mellom barnehagen og lokalsamfunnet. Utvalet har rett til å uttale seg i saker som betyr noko for barnehagen sitt innhald og forhold til foreldra (budsjett, utnytting av ute- og inneareal).

**VAL:** Foreldrerådet (som består av alle foreldra) vel 3 representantar til SU, ein frå kvar avdeling. Dei tilsette vel 3 representantar. Ein representant frå kommunen (eigar) og styrar sit automatisk i samarbeidsutvalet.

**FUNKSJONSTID:** Foreldrerepresentantar og representantar frå dei tilsette vert vald for eit eller to år om gongen. Det bør alltid vere nokon av representantane igjen frå året før. Funksjonstid for eigarrepresentanten vert fastsett av barnehageeigar.

**KONSTITUERING:** Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv på første møte i barnehageåret.

**AVSTEMMING:** Kvar representant har ei stemme og vanleg fleirtaksvedtak gjeld. Ved stemmelikskap har SU-leiar dobbel stemme. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett.

**FORHOLD TIL BARNEHAGEEIGAR OG TILSYNSMYNDIGHET:** SU skal påpeika overfor bhg.eigar og melde frå til kommune eller fylkesmann dersom barnehagen ikkje vert driven innanfor rammer som er sett av gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og barnehagen sitt budsjett. SU i Kolås barnehage ønskjer å ha ei ordning der ikkje alle medlemmene blir skifta ut kvart år. Det er viktig å ha litt overlapping for å skape progresjon og framdrift. Vararepresentantane har ikkje møteplikt med mindre dei må steppe inn for den dei er vara for. Men vararepresentantane er hjertelig velkommen til å vere med på møta. Innkallingar og referat blir også sendt til vararepresentantane, slik at dei kan halde seg orientert.

### **Samarbeidsutval for Kolås barnehage 2017/2018:**

Samarbeidsutvalget 2017/2018 har sett slik ut:

Leiar: Anita Langøy-Jørgenvik(2017-19)

Medlemmar/ vara: Anja Låstad (2017-19), Eilen Korneliussen(2017-18), Silje Søreide(2017-18), Regine Fjellsbø(2017-18)

Frå personalet: Kjersti Nævdal, Christin S. Olsen og Marianne Fylkesnes

Representant frå eigar: Stina Vabø Mongstad (kommunestyrerepresentant og repr. i levekår)

Skrivar: Hanne Haukås (styrar)

Anita Jørgenvik og Anja Låstad har sete eit år og har eit år igjen i SU. Det skal veljast tre representantar til SU på foreldremøta i september. Representantar for personalet er: Kjersti Nævdal, Christin S. Olsen og Marianne Fylkesnes. Stina Vabø Mongstad er representant frå eigar. Styrar er skrivar i SU.



## KAP.2 OMSORG, LEIK OG LÆRING

### 2.1 Barnehagen skal i vareta barnets behov for omsorg



«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna.»

*Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhørsla til samfunnet, naturen og kulturen.”*

(Rammeplanen kap. 3)

Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppdraging og meir enn sosialisering. Samstundes rommar danning alt dette!

Grunnlaget for all læring er tryggleik, og det er viktig at kvart enkelt barn blir sett og høyrte, og dei skal bli tatt på alvor. Vi skal ha omsorg for å skape eit kunnskapsmiljø i barnehagen. Måten vi forstår omsorg på, fortel mykje om vårt syn på læring og kunnskap.

### 2.2 Leik

*”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.”*

(Barnehageloven § 1)

*”Barnehagen skal gi barn muligheter til lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.”*

(Barnehagelova § 2)

*”Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar lek både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek – åleine og saman med andre.”*



### Personalet skal

- organisera rom, tid og leikemateriale for å inspirera til ulike typar leik
- bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema
- fremja eit inkluderande miljø der barna kan delta i leik og erfara glede i leik
- observera, analysera, støtta, delta i og berika leiken på barna sine premisser
- veileda barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønstre
- vera bevisst på og vurdera eiga rolle og deltaking i barna sin leik
- ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken.»



(Rammeplanen, kap. 3)

### **I Kolås barnehage :**

Vi ser på leik som ein viktig aktivitet som opptar mykje av borna sin kvardag. Leiken skil seg frå andre aktivitetar ved at den er ein spontan, skapande prosess som er styrt av borna sjølv og som tilfredstiller behov hjå borna. Gjennom leiken får borna tileigna seg kunnskapar og dei gjer seg erfaringar. Leiken utviklar tankar og kjensler, den stimulerer språkutviklinga og den utviklar bornas sosiale kompetanse. Leiken gjev borna gode meistringsopplevingar og auka sjølvkjensle.

I barnehagen nyttar vi leiken til å byggja relasjonar mellom borna og mellom borna og dei vaksne. Gjennom leik lærer vi kvarandre å kjenna og skaper gode, felles opplevingar. På den måten utviklar vi tillit til kvarandre og tryggleik i gruppa. Dette i samsvar med DUÅ, som det står meir om under.

Leik er barnas viktigaste læringsform og vil difor vere ein arbeidsmetode i alle fagområda.

### **Gjennom frileik, ynskjer vi at borna skal:**

- nytta fantasien
- få stimulere språket
- trene på å halde på leik over tid
- lære gode måtar å starte ein leik og å avslutte leik
- få eit eigarforhold til barnehagen og leikane, slik at dei ynskjer å ta vare på leikane
- tileigna seg normer og reglar i leik og utvikla gode relasjonar til andre born.
- vi ynskjer at borna skal lære seg å
  - \* venta på tur
  - \* lytta og øva på å fremja egne meiningar på ein god måte
  - \* innfri andre sine ynskjer eller å stå på for egne ynskjer
  - \* løysa konflikter verbalt, på ein god måte
- oppleve meistring
- utvikla god sjølvkjensle

### **Dei vaksne skal:**

- være med på å setje i gang leik
- delta i borna sin leik dersom dei ynskjer det
- hjelpe barn som ikkje ”kjem inn i leiken” slik at dei vert gode leikepartnarar
- rettleie borna i korleis dei kan være ein god leikekamerat





- syna barna gode måtar å leika på/gje impulsar til leik
- vera i nærleiken som støttespelarar
- oppfordre borna å samarbeida
- vera i forkant, for å kunne forebyggja konflikter
- rettleie borna i konfliktløysing

Når dei vaksne jobbar for å nå desse måla, vil det vera med å forebyggja mobbing i barnehagen. Dei vaksne vil også vera i stand til å oppdaga og fremja tiltak for å handtera og stoppa mobbing.



## 2.3 Dei Utrulege Åra (DUÅ)

DUÅ har fokus på å styrke barns emosjonelle og sosiale kompetanse.

*Kvifor er det viktig å arbeide med barns emosjonelle og sosiale kompetanse?*

*På samme måte som at eit barns kognitive kompetanse påverkar evna til å lære, vil også eit barns sosiale kompetanse og emosjonelle tryggleik påverke hans eller hennes evne til å lære.*


Målet med DUÅ Skule- og barnehageprogram er å styrke personalet sin kompetanse i førebygging og handtering av åtferdsproblem. Programmet styrker personalet sin kompetanse i gruppeleiing, med blant anna fokus på ulike proaktive læringstilnærmingar. Dette vert i stor grad gjort gjennom bevisst bruk av ros, positiv merksemd og positive leiingsstrategiar. Relasjonsbygging er viktig og det blir jobba med å styrke vaksen-barn relasjonen, samt samarbeidet mellom barnehage og heim.

DUÅ er utvikla i USA av Carolyn Webster-Stratton, og det er der gjennomført studier som dokumenterer god effekt av programmet.

Hausten 2011 starta dei kommunale barnehagane i Lindås ei kompetanseheving av personalet gjennom kursrekke om "Dei Utrulege Åra (DUÅ)". Dei kommunale barnehagane har valt å gje alle tilsette opplæring i Dei Utrulege Åra (DUÅ) sitt Skule- og barnehageprogram. Kursinga skjer i eit samarbeid med PPT Lindås og Universitetet i Tromsø. Det er 6 "workshops" og ein del arbeid som ein skal gjere / prøve ut mellom samlingane.

I Kolås har nesten alle gjennomført 6 ws i skule- og barnehageprogrammet. Dette har gjeve oss eit felles «språk» og ei felles forståing innhald og mål i arbeidet med barna. Vi nyttar personalmøter til refleksjon over praksis og gjer endringar ved behov.

Implementering av DUÅ i Norge vert støtta av Helsedirektoratet. DUÅ er eit av tiltaka som blir nemnt i rapport 2011:1 "Betre føre var .....: Helefremmende og førebyggande tiltak og anbefalingar frå Folkehelseinstituttet.



## 2.4 Dinosaurskulen

Dinosaurskulen i regi av forebyggingsprogrammet ”De utrolige årene” er det nasjonal satsing på i Norge. I år vert det Dinosaurskule for alle borna som er fødd i 2013 (skulestartarane). Mål for Dinosaurskulen er å fremja sosiale, kognitive og emosjonelle ferdigheiter hos barn.

Cathrine, Christin, Monica og Nina K. har ansvar for Dinosaurskulen i Kolås barnehage, 2018/2019.

DETTE ER DET VI SKAL ØVA PÅ PÅ DINOSAURSKULEN:

- Å forstå regler og kvifor vi har dei
- Å forstå og kunne snakke om egne og andre sine kjensler
- Problemløysing på ein god måte
- Sinnemestring
- Å væra en god ven og kunna samarbeida med andre, både i barnehagen og heime



## 2.5 Språkleg kompetanse

”Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og ... sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.”

*Personalet skal*

- *anerkjenne og respondera på barna sine ulike verbale og non-verbale uttrykk og støtta språkutviklinga deira*
- *stimulera barn sin verbale og non-verbale kommunikasjon og leggja til rette for at alle barn vert involverte i samspill og i samtaler*
- *sørgja for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å nytta språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler*
- *væra bevisst si rolle som språklege førebilete og væra lydhøre i kommunikasjon med alle barn*
- *følgja med på barna sin kommunikasjon og språk og fanga opp og støtta barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, som er lite språkleg aktive, eller som har sein språkutvikling*
- *bidra til at språkleg mangfald vert ei beriking for heile barnegruppa, støtta fleirspråklege barn i å nytta sitt morsmål og samstundes aktivt fremja og utvikla barnas norsk-/samiskspråklege kompetanse.*

(Rammeplanen, kap.3,6)

Lindås kommune vart godkjend som språkkommune våren 2017. Målsetjinga med prosjektet er å styrke det ordinære tilbodet i barnehage og i skule.

I år tek vi i bruk Språkløyper i Kolås. Dette er ein nasjonal strategi for språk, lesing og skriving, som strekker seg frå barnehage og ut ungdomsskulen. Språkløypene består av kompetanseutviklingspakkar som personalet jobbar med gjennom barnehageåret. I Kolås startar vi med pakken som heiter «Språk og leseaktivitetar». Den har som mål å styrke barnehagen sitt daglege arbeid med språklæring til barna gjennom ulike leseaktivitetar. De kan lesa meir om språkløypene i linken under.

<https://sprakloyper.uis.no/category.php?categoryID=17794>



## **2.6 Læring gjennom filosofien i Reggio Emilia**

*«Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.»*

(Barnehagelova § 2)

Barnehagen er det første steget barna tar på vegen i utdanningssystemet. Barnehagen er ein institusjon regulert av lov og rammeplan, som legg føringar for innhaldet.

Reggio- filosofien har sitt utspring i Reggio Emilia, som er ein by i Italia. Filosofien dreiar seg om ei grunnleggande haldning til barnet, som seier at eit barn kan og vil. Dei vaksne si undring og begeistring over bornas oppdagingar, bidreg til å gje barnet lyst til å utforske vidare. Barna reknast for å vere kompetente og oppgåva til dei vaksne er å rettleie, slik at barna sjølv er aktiv i læringa. Den vaksne er vaken for barna sine spørsmål, hypotesar og teoriar og undrar seg saman med barnet. Kunnskap blir knytt til handling og erfaring.



*«Det ein høyrer gløymer ein,  
det ein ser hugser ein, og  
det ein gjer forstår ein»*

Loris Malaguzzi



## 2.7 Sosial kompetanse

*” Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap. ”.*

(Barnehagelova §2)

*” Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, mestring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. ”*

(Rammeplanen kap. 1)

Dei vaksne si relasjonskompetanse er viktig for utviklinga av barna sin sosiale kompetanse. Vi arbeider difor mykje med å bevisstgjere personalet på deira rolle og påverknad i arbeidet med barna. Stikkord : Aerkjennande relasjonar, god relasjonskompetanse hos dei vaksne, bevisstheit om vaksenrolla. Vi nyttar verktøy frå DUÅ i arbeidet med å førebyggje mobbing og krenking og til å utarbeide og gjennomføre tiltak når mobbing førekjem.

Det er viktig at du melder frå til barnehagen dersom du oppdagar at ditt eller andre sitt barn blir mobba eller av andre grunnar ikkje har det bra i barnehagen. Om eit barn i barnehagen opplever å bli mobba eller utestengt frå leiken, må barnehagen følgje opp dette. I Kolås har vi ein mal for dette arbeidet. Den ser slik ut:

1. Ta kontakt med pedagogisk leiar eller styrar og fortel om bekymringa di.
2. Pedagogisk leiar, føresette og evt styrar samlast til eit møte, der vi saman kan lage ein plan om kva barnehagen og de som foreldre skal gjere for at barnet skal trivast.
3. Vi avtalar eit møte for oppfølging.





## **2.8 Trafikksikker kommune.**

Lindås kommune ønskjer å jobbe for å bli godkjent som «trafikksikker kommune». Dette er eit konsept som er utvikla av Trygg Trafikk. Kommunar som vil bli godkjend må syna at dei jobbar systematisk med trafikksikkerheit i alle viktige delar av organisasjonen. Lindås kommune samarbeider med Trygg Trafikk Hordaland og Hordaland fylkeskommune for å få til dette. I konseptet ligg blant anna at alle skular og barnehagar skal tilfredsstilla nokre kriterier som gjer at dei kan karakterisere seg som "trafikksikre skular/barnehagar».

På nettsida [www.trafikksikkerkommune.no](http://www.trafikksikkerkommune.no) finn ein meir informasjon.

### **Trafikkopplæring i Kolås barnehage.**

På stor avdeling nyttar vi «Tarkus», som er eit pedagogisk opplegg, med barna på avdeling. Tarkus er eit beltdedyr, som likar seg svært godt saman med borna i barnehagen. Saman med Tarkus skal vi finne ut av trafikkreglar og lure idèar, som gjer at vi kan ferdest trygt i trafikken. Tarkus kjem også på besøk på småbarnsavdelingane, der dei vil nytta delar av dette opplegget, som dei ser høver til barnegruppa. Tarkus, barnas trafikkvenn, er eit opplegg som er utarbeida av Trygg Trafikk og består av ei handdukke, bøker, musikk m.m.



## KAP.3 FAGOMRÅDA.

*«Fagområda gjenspeiler område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremja trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vera ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. I samiske barnehagar skal arbeidet med fagområda ta utgangspunkt i samisk språk, kultur og tradisjon.*

*Barnehagen sitt verdigrunnlag og formål skal gje retning for og prege arbeid med fagområda, og barna si rett til medverknad skal ivaretakast. Barna sin leik dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barnehagen skal ta utgangspunkt i barna sitt engasjement og bidrag slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ei meningsfull og morosam del av barna sin kvardag. Borna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meiningar. Barna skal utvikla kunnskap og ferdigheter innan alle fagområder gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Barnehagen skal nytta ulikt materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spel, bøker og musikk i arbeidet med fagområda. Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen.»*

(Rammeplanen, kap 9)



### 3.1 Kommunikasjon, språk og tekst.

«Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna

- uttrykker sine kjensler, tankar, meninger og erfaringar på ulikt vis
- nyttar språk til å skapa relasjonar, delta i leik og som reiskap til å løysa konflikhtar
- vidareutviklar si begrepsforståing og nyttar eit variert ordforråd
- leikar, improviserer og eksperimenterer med rim, rytme, lyder og ord
- møter eit mangfald av eventyr, forteljingar, sagn og uttrykksformer
- opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale
- utforskar og gjer seg erfaring med ulike skriftspråksuttrykk, som leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar.

Personalet skal

- skapa eit variert språkmiljø der barna får mulighet til å oppleve glede ved å nytta språk og kommunisera med andre
- synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk og identitetar og fremje mangfald i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformar
- invitera til ulike typar samtalar der barna får anledning til å fortelja, undra seg, reflektera og stilla spørsmål
- oppmuntra barna til å fabulera og leika med språk, lyd, rim og rytme støtta barna sin leik med- og utforsking av skriftspråket
- nytta varierte formar for formidling og tilby et mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykk
- inkludera alle barna i språkstimulerande aktivitetar.»

(Rammeplanen kap.9.1)



## Plan for fagområdet «språk, tekst og kommunikasjon»

### HOVUDMÅL:

Borna skal utvikla eit rikt språk som reiskap for å formidle tankar, kjensler og idear.

### DELMÅL (kvifor)

### Metodar (kva og korleis)

1-2 år:

Borna skal oppleve eit rikt språkmiljø, både verbalt og nonverbalt.

- Samlinger
- Bruke konkrete
- Song, rim, regler
- Lese bøker i mindre grupper
- Mi bok, mitt hus
- Setje ord på det vi ser og gjer
- Nytte teikn til tale

2- 3 år:

Vi følgjer opp arbeidet frå i fjor.

Bevisstgjere borna på eige og andre sitt kroppsspråk.

- Gjere borna oppmerksomme på kvarandre sitt kroppsspråk i leikesituasjonar
- Gode vaksne rollemodellar
- Oppfordre borna til å nytta orda sine. Støtte med teikn
- Lese bøker i grupper- språkløyper
- Nytt lydbøker i kvilestunda

3- 4 år:

Følgje opp arbeidet frå tidlegare.

Utvikla eit rikt ordforråd og større begrepsforståing.

- Fortelje og lese historier på ulike måtar. For eksempel ved bruk av metoden Dialogisk lesing og ved bruk av metodane i språkløypene
- Små prosjekter innan ulike tema som utfordrar og utviklar begrep og språkforståing. F.eks brannvern og Tarkus.
- Dramatisering
- Coaching på akademiske ferdigheter (talrekka frå 1-6, farger, preposisjonar, adjektiv)
- Coaching på emosjonelle ferdigheter (glad, lei seg, trist, roleg, sint)
- Coaching på sosiale ferdigheter (dele, spørje fint, holde seg rolig)

4- 5 år:

Følgjer opp arbeidet frå tidlegare.

Borna skal få hjelp til å nytta språket til å uttrykke kjensler, ønsker .Dei skal få erfaringer med å løyse konflikter og til å skape positive relasjonar i leik og anna samvær.

- Fortsetje å fortelje og lese historier på ulike måtar. For eksempel ved bruk av metoden Dialogisk lesing og ved bruk av metodane i språkløypene.
- Coaching på akademiske ferdigheter ( talrekka frå 1-10, mengde 1-6)
- Coaching på emosjonelle ferdigheter (stolt, tolmodig, fornøyd, roe seg ned)
- Coaching på sosiale ferdigheter (byte, vente på tur)
- Spele spel med terning

5- 6 år:

Følgjer opp arbeidet frå i fjor.

Oppfordre til å lytte ut lyder og rytme i språket og bli fortrolig med symboler som tallsiffer og bokstaver.

- Coaching på akademiske ferdigheter (talrekka frå 1-20 og mengde 1-10)
- Coaching på emosjonelle ferdigheter (frustrert, oppgitt, ivrig)
- Coaching på sosiale ferdigheter (tilby hjelp)
- Språkgrupper ved behov
- Dialogisk lesing og metodar frå språkløyper
- Dinosauerskolen
- Spele spel





## 3.2 Kropp, rørsle, mat og helse

*Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna*

- opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt*
- blir kjende med egne behov, får kjennskap til menneskekroppen og utviklar gode vanar for hygiene og eit variert kosthald*
- vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar*
- opplever å vurdere og meistre risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar*
- blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine egne kjensler*
- set grenser for sin eigen kropp og respekterer andre sine grenser*
- får innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid*

*Personalet skal*


- vere aktive og nærverande, støtte og utfordre barna til variert kroppsleg leik og anerkjenne barnets meistring*
- bidra til at barna kan tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskapar om kost, hygiene, aktivitet og kvile*
- gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet*
- bidra til at barna utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over eigen kropp og respekt for andre sine grenser*
- leggje til rette for at måltid og matlaging bidreg til måltids glede, deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barna*
- kjenne og praktisere nasjonale føringar for helsefremjande og førebyggjande tiltak som gjeld barn*

(Rammeplanen kap. 9.2)

*Vi veit at livsstilsvanar vert danna tidleg. Ved å ha eit helsefremjande fokus i barnehage og skule kan ein danna grunnlaget for gode vanar og livslang læring hjå barna. Målet er å styrkja barnehagane og skulane si rolle som helsefremjande og førebyggjande arena, samt redusera sosial ulikskap. Fysisk aktivitet er naudsynt for normal vekst og utvikling hjå barn og unge og viktig for å oppretthalda god funksjonsevne gjennom heile livet. Strategisk arbeid med aktivitet og rørsle i barnehagen er viktig. I følgje nasjonale tilrådingar bør barnehagebarn vera fysisk aktive i leik eller annan aktivitet minst 60 minutt kvar dag. Aktivitetane bør vera varierte og allsidige.*

Lindås kommune sin Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028

Eit av tiltaka som skal sikre dette, er at barnehagen sitt årshjul der ein av fokusområda er fysisk fostring, kosthald og helse.




## Plan for fagområdet «Kropp, rørsle, mat og helse»

### HOVUDMÅL

1- 3 år: Gjennom lek skal borna oppleve bevegelsesglede og meistring

3- 6 år: Tilby eit fysisk miljø som utfordrar og utviklar grov- og finmotorikken til barna

DELMÅL (kvifor)	Metodar (kva og korleis)
<p>1-2 år: Bornas skal oppleve utfordringar, glede og meistring</p> <p>Borna skal ha tilbod om eit sunt og variert kosthald</p> <p>Begynande forståing for hygiene</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Nytt songar med rørsle</li> <li>- Lage hinderløyper ute og inne</li> <li>- Bruke putene</li> <li>- Bruke heile uteområdet</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilby sunt og variert kost</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vaske hender</li> <li>- Tema for samtale</li> </ul>
<p>2- 3 år: Fortsette frå i fjor. Bornas skal få erfaringar med variert og allsidig rørsle</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gå på tur i ulent terreng i nærmiljøet til barnehagen</li> <li>- Musikk, dans og song</li> <li>- Finmotoriske aktivitetar (teikne, pussle, perle med store perler, duplo)</li> </ul>
<p>3- 4 år: Fortsetje frå tidlegare. Vidareutvikla motoriske ferdigheter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske egenskaper</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Turer i skog, fjell og til sjøen</li> <li>- Leik i gymsalen. Lage hinderløyper, buldreleik på tjukkassen</li> <li>- Balansere både ute og inne</li> <li>- Songleikar</li> <li>- Lære viktigheten av god handhygiene</li> <li>- Trene på å kle av og på seg sjølv</li> </ul>
<p>4- 5 år: Fortsetje tidlegare arbeid. Nytt naturen til utforsking og kroppslege utfordringar Erfaringar med sunn og variert mat.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Enkel regelleik, som f.eks tikken</li> <li>- Songleikar</li> <li>- På tur i skogen på fjellet og til sjøen</li> <li>- Balansere</li> <li>- Risikoleik, innan trygge rammer</li> <li>- Fokus på god hygiene, særleg handvask</li> <li>- Meistre å kle av og på seg sjølv</li> </ul>
<p>5- 6 år: Fortsetje frå tidlegare. Barna skal bli kjende med kroppen sin og skape forståing og respekt for eigen og andre sin kropp og ulikheter</p> <p>Medverknad på måltid. Erfaringar med sunn og variert mat og mat som kan lagast ute</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- I lek</li> <li>- Risikoleik, innan trygge rammer</li> <li>- Finne ut av eigne grenser</li> <li>- Fremje kvarandre sine positive sider</li> <li>- Lengre turar i variert terreng, skog, fjell, sjø</li> <li>- Koma med forslag til mat på tur</li> <li>- Forstå viktigheten av god hygiene</li> <li>- Meistre å kle av og på seg sjølv og kunna tilby andre hjelp</li> </ul>



### **3.3 Kunst, kultur og kreativitet**

*Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna*

- *har tilgang til ting, rom og materiale som støtter opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene*
- *bruker fantasi, kreativ tenking og skaparglede*
- *får arbeide med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd ute og inne*
- *møter eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og utforskar og deltek i kunst- og kulturopplevingar saman med andre*
- *bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk*
- *kjenner seg glade og stolte over si eiga kulturelle tilhøyrse*

*Personalet skal*

- *samtale med barna om deira egne og andre sine kunstnariske og kulturelle uttrykk*
- *gi rom for, støtte og styrkje barnas bearbeiding av møte med kunst og kultur*
- *vere lydhøyre, anerkjenne og respektere barns eigen tradisjonskultur og barnekultur*
- *vere lyttande og merksame på dei ulike kulturelle uttrykka til barna, vise respekt for ytringsformene deira og fremje lysta til å gå vidare med å utforske dei estetiske områda*
- *motivere barna til å uttrykkje seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd og la dei få utvikle varierte uttrykksformer*
- *synleggjere og skape estetiske dimensjonar i inne-og uteromma i barnehagen*
- *gi barna høve til å bli kjende med eit mangfald av tradisjonar og kunst-og kulturuttrykk frå fortid og samtid*
- *bidra til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa*



RaRammeplanen, 9.3



## Plan for fagområdet «Kunst, kultur og kreativitet»

### HOVUDMÅL

Leggja til rette for at borna kan uttrykkja seg gjennom musikk og skapande veksemd

DELMÅL (kvifor)	Metodar (kva og korleis)
<p>1-2 år: Få erfaring med ulikt materiale Gje borna opplevingar som inspirerer til å nytta eigen kreativitet Borna skal få erfare eventyr formidla på ulikt vis</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Maling</li> <li>- Ull</li> <li>- Modellkitt</li> <li>- Konkretisere ved bruk av figurar eller flanellograf</li> <li>- Lesegrupper</li> </ul>
<p>2- 3 år: Fortsette arbeidet frå tidlegare.  Samling med song og musikk Kvilestund for dei som ikkje søv Kjennskap til ulikt materiale</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lage musikkinstrumenter</li> <li>- Musikkksamling</li> <li>- Høre lydbok på kvilestund</li> <li>- Ull og toving. Prosessen med å tove og skylle ulla.</li> <li>- Maling. Ulike maleteknikkar</li> <li>- Lesegrupper</li> </ul>
<p>3- 4 år: Fortsette arbeidet frå tidlegare.  Opplive bøker og eventyr formidla på ulikt vis. Bruka fantasien og kreativiteten med naturmaterialer.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samle naturmateriale og nytta i formingsaktivitetar</li> <li>- Klipp og lim</li> <li>- Lesegrupper</li> <li>- Materiell tilgjengeleg</li> <li>- Inspirerande miljø</li> <li>- Sørge for at borna har rikeleg med tilgang på bøker, bilete, instrument og tøy til utkleddning</li> <li>- Synge med borna. Lære nye songar og rim og regler.</li> <li>- Nytt instrument</li> </ul>
<p>4-5 år: Fortsette arbeidet frå tidlegare. Opplive å gå i dybda på enkelte bøker. Legge til rette for rolleleik.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lesegrupper</li> <li>- Materiale tilgjengeleg for borna. Oppfordre til å utforske og fremje kreativitet</li> </ul>
<p>4- 6 år: Fortsette arbeidet frå tidlegare. Utvikle rolleleiken vidare</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lesegrupper</li> <li>- Materiale tilgjengeleg for borna. Oppfordre til å utforske og fremje kreativitet</li> <li>- Nytt ulike leiketema i rolleleiken. Kva fengjer borna?</li> </ul>



*Opplivelse  
Erfaring  
Meistring*

### 3.4 Natur, miljø og teknologi

*Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna*

- *får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen*
- *får gode friluftslivopplevelingar året rundt*
- *får oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover*
- *får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen*
- *får kunnskap om dyr og dyreliv*
- *lagar konstruksjonar av ulikt materiale og utforskar kva moglegheiter reiskapar og teknologi kan by på*
- *får kjennskap til livssyklusen til mennesket*

*Personalet skal*

- *leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring*
- *gi barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektere og lage eigne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd*
- *synleggjere naturfenomen og reflektere saman med barna om samanhengar i naturen*
- *utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen saman med barna*

Rammeplanen kap 9.4



*Nytt leikeapparat skal på plass.  
Spennande med gravemaskin. Den var  
utg.pkt for mykje fin leik i fleire dagar 😊*

*Sneglar er spanande. Kan dei springa?*



## Plan for fagområdet «Natur, miljø og teknologi»

### HOVUDMÅL

Legge til rette for at borna skal nytta alle sansar gjennom opplevingar i naturen. Dei vaksne skal stimulere til nyskjerrighet, undring og utforskarlyst.

DELMÅL (kvifor)	Metodar (kva og korleis)
1-2 år: Borna skal oppleve glede og meistring ved å ferdast i naturen	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Nyttja heile uteområdet i barnehagen</li> <li>- Bevegelse i ulent terreng</li> <li>- Utforske dyr og insekter i og rundt barnehagen</li> <li>- Uteleik kvar dag! ☺</li> </ul>
2- 3 år: Borna skal bli kjende med enkelte fugler, dyr, småkryp og/ eller blomster som vi finn i nærområdet til barnehagen.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Nyttja plansjer med bilder av dei vanlegaste fuglane</li> <li>- Lage fuglemat</li> <li>- Gå på oppdagelsesferd på leit etter dyr/ insekter/ blomster og liknande.</li> <li>-Undre seg saman med borna</li> </ul>
3- 4 år: Borna skal få oppleve glede og undring over naturen si eigenart og mangfald gjennom leik og eksperimenter. Borna skal bli trygge i sitt nærmiljø.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gå på tur i alle årstider og i alle typar vær.</li> <li>- Undre seg saman med barna</li> <li>- Gje borna varierte opplevingar i naturen: leik, klatring, meistring og glede</li> </ul>
4- 5 år: Ta med arbeidet frå i fjor. Borna skal få tid og rom i kvardagen til å væra nyskjerrig og utforskande Borna skal få rom til å kunna utfordra seg sjølv og sine sannheter.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Reflektere og undre seg saman med saman med borna over ting i naturen.</li> <li>- Bruke internett som kjelde til for å finne fakta</li> </ul>
5- 6 år: Ta med arbeidet frå i fjor. Oppleve glede ved friluftsliv. Oppfordre til å ta vare på naturen. Erfare korleis teknikk kan nyttast i leik og prosjekter.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Rydde opp etter oss når vi har spist ute.</li> <li>- Ta med boss,</li> <li>- Nyttja fotoapparat og pc.</li> </ul>
<b>Trafikk:</b> 1-3 år. Borna skal oppleve trafikkregler i bruk. -Bruke gangfelt på tur. - Sjå til høgre og venstre før vi kryssar vegen 3-6 år. Borna skal sjå og erfare samspel i trafikken. - Augekontakt med bilfører før ein kryssar vegen. - Kunne krysse vegen både med og utan gangfelt. – Gå langs vegen både med og utan fortau.	

*Eit vårteikn som vart med inn for å studerast nærare*



### 3.5 Mengd, rom og form

*Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna*

- *oppdagar og undrar seg over matematiske sammenhengar*
- *utviklar forståing for grunnleggjande matematiske omgrep*
- *leiker og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på*
- *erfarer og samanliknar storleikar i omgivnadene*
- *bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing*
- *undersøkjer og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterer dei på forskjellige måtar*
- *undersøkjer og får erfaring med å løyse matematiske problem og opplever glede ved matematikk*

*Personalet skal*

- *bruke matematiske omgrep reflektert og aktivt i kvardagen*
- *bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk*
- *gjere barna meir nysgjerrige og styrkje matematikkgleda og interessa for matematiske sammenhengar med utgangspunkt i uttrykksformene til barna*
- *leggje til rette for matematiske erfaringar gjennom å bidra med matematiske idear og utdjupande samtalar i leik og kvardag*
- *stimulere og støtte barnas evne til problemløysing og hjelpe dei til å vere uthaldande*

(Rammeplanen kap.9.3)



## Plan for fagområdet «Tal, rom og form»

### HOVUDMÅL

Gjere borna bevisste på matematikken som er rundt oss i kvardagen. Borna skal oppleve gleda ved å leie med tal og former

DELMÅL (kvifor)	Metodar (kva og korleis)
<p>1- 2 år: Borna skal få erfaring med enkle matematiske begreper</p> <p>Gjere seg erfaringar med matematikk i kvardagen</p> <p>Borna skal kunna orientera seg inne og ute i barnehagen</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Nyttja matematiske begrep, som sirkel, trekant og firkant</li> <li>- Setja ord på stor/ liten, lang/ kort, over, under, ved siden av...</li> <li>- Eventyr med konkreter</li> <li>- Song, rim og regler</li> <li>- Teljing</li> <li>- Duplo</li> <li>- Togbane</li> <li>- Pusslespel</li> <li>- La borna utforske og gjere seg kjende på eigen avdeling og på huset</li> <li>- La borna utforske og gjere seg kjende på uteområdet til barnehagen</li> </ul>
<p>2- 3 år: Fortsetje arbeidet frå i fjor og utvide etter modningsnivå. Erfaring med mengde opp til 3.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sortere (f.eks leikar, dyr, fargar...)</li> <li>- Lotto</li> <li>- Memory</li> </ul>
<p>3- 4 år: Fortsetje arbeidet frå i tidlegare. Erfaringar med å finne og lage mønster.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Perle med små perler. Sortere farger, prøve å lage mønster</li> <li>- Gje rikeleg tilgang på ulike typar byggemateriell</li> <li>- Jobbe med tal og teljing</li> <li>- Bruke matematiske omgrep aktivt i kvardagen</li> </ul>
<p>4- 5 år: Fortsetje arbeidet frå i tidlegare. Kunne talrekka til 6. Borna skal få erfaring med å orientere seg når vi er på tur i nærmiljøet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Perle, mønster</li> <li>- Følge ei oppskrift for å lage mønster (bankespelet)</li> <li>- Spele spel med terning</li> <li>- Bruke skilt til å øve på ulike former</li> <li>- På tur: Kvar er vi? Kor skal vi? Kvar er barnehagen?</li> </ul>
<p>5- 6 år: Fortsetje arbeidet frå tidlegare. Kunne talrekka til 10. Menger opp til 6. Kjenne igjen mykje brukte symbol.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tal og mengder i eventyr/ forteljingar</li> <li>- Spele spel med terning og teljing</li> <li>- Enkle reknestykker frå kvardagen</li> <li>- Leite etter ulike skilt på tur</li> </ul>





### 3.6 Etikk, religion og filosofi

*Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna*

- *får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen*
- *utforskar og undrar seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål*
- *får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar*
- *får forståing for at det finst mange ulike måtar å forstå ting på og leve saman på*
- *utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap*

*Personalet skal*

- *formidle forteljingar og skape rom for barnas opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema*
- *utforske og undre seg over eksistensielle, etiske, religiøse, livssynsmessige og filosofiske spørsmål saman med barna*
- *bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrsl*
- *gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen*
- *samtale med barna om religiøse og kulturelle uttrykk og vere bevisste på korleis deira eiga deltaking kan støtte og utvide tenkinga til barna*
- *identifisere verdikonfliktar i kvardagen, reflektere over verdiprioriteringar og haldningar og ha eit bevisst forhold til korleis desse kjem til uttrykk i arbeidet med barna*

Rammeplanen, kap. 9.6



## Plan for fagområdet «Etikk, religion og filosofi»

### HOVUDMÅL

Borna skal utvikle toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhørighet

DELMÅL (kvifor)	Metodar (kva og korleis)
<p>1- 2 år: Borna skal erfare å gje trøyst og bli trøysta. Bli kjende med dei kristne høgtidene jul og påske</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vaksne som er tett på og rettleiar i konflikter</li> <li>- Oppfordre borna til å trøste eller gjere godt att</li> <li>- Adventssamling</li> <li>- Formidla jul- og påskebodskapen på enkelt vis</li> </ul>
<p>2- 3 år: Fortset arbeid frå i fjor.  Nytta ord i konfliktløysing</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppfordre borna til å nytta orda framfor å væra fysisk</li> <li>- Forsterke med teikn til tale</li> <li>- Besøke kyrkja til jul</li> </ul>
<p>3- 4 år: Fortset arbeid frå i fjor.  Borna skal ha kjennskap til tradisjonar knytt til religion og livssyn som er representert i barnehagen. Borna skal erfare at alle menneske har lik verdi</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Snakke om korleis vi er like og ulike. Fremje fordelar.</li> <li>- Indiahjelpen</li> <li>- Markere FN dagen</li> <li>- Formidle juleevangeliet på enkelt vis</li> <li>- Adventssamlingar</li> <li>- Oppmoda borna til å hjelpa kvarandre</li> <li>- Oppmode til samarbeid</li> <li>- Hjelpe å fine konstruktive løysingar i konflikter</li> <li>- Vaksne som er gode rollemodellar</li> </ul>
<p>4- 5 år: Fortset arbeid frå i fjor.  Borna skal inkludera kvarandre i leik Borna skal få ei forståing av at det fins ulike måtar å forstå ting på og ulike måtar å leve</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vaksne som fremjer vennskap og gode handlingar</li> <li>- Coaching på sosiale ferdigheter</li> <li>- Fremje forståing for ulike levesett og ulike religionar</li> </ul>
<p>5- 6 år: Fortset arbeid frå i fjor.  Borna skal utvikle interesse og respekt for kvarandre og erfare nytten av likheter og ulikheter i eit fellesskap</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vaksne som møter bornas spørsmål med undring.</li> <li>- Leite etter svar saman med borna</li> <li>- Oppmuntre borna til å ta eigne avgjerdsler og val</li> <li>- Borna skal tilby å hjelpa kvarandre</li> </ul>



*Vår og nytt liv  
Planter frø*



### 3.7 Nærmiljø og samfunn



*Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna*

- *blir oppmuntra til å medverke i eigen kvardag og utviklar tillit til samfunnsdeltaking*
- *erfarer at alle får utfordringar og like høve til å delta*
- *utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt*
- *blir kjende med lokalhistorie og lokale tradisjonar*
- *blir kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer*
- *blir kjende med at samane er Noregs urfolk, og får kjennskap til samisk kultur*
- *får kjennskap til nasjonale minoritetar*

*Personalet skal*

- *sørgje for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølv og for andre*
- *introdusere barna for personar, stader og samfunnsinstitusjonar i nærmiljøet for å skape tilhøyrslø og hjelpe barna med å orientere seg og ferdast trygt*
- *gi barna like moglegheiter, fremje likestilling og motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme*
- *gi barna forståing for at samfunnet er i endring, og at dei er ein del av ein historisk, notidig og framtidig samanheng*
- *gjere barna kjende med samisk kultur og levesett og knyte det samiske perspektivet til merkedagar og kvardagsliv, kunst og kultur og mattradisjonar*
- *gi barna gryande kjennskap til kor viktige menneskerettane er, særleg barnekonvensjonen*

(Rammeplanen kap.9.7)



## Plan for fagområdet «Nærmiljø og samfunn»

### HOVUDMÅL

Borna skal ha kjennskap til kva som fins i nærmiljøet rundt barnehagen. Borna skal kunna medverka i eigen kvardag.

DELMÅL (kvifor)	Metodar (kva og korleis)
1- 2 år: Borna skal bli kjend med nærmiljøet rundt barnehagen. Borna skal ha medverknad og medbestemmelse. Vi skal synleggjera barnehagen i nærmiljøet.	<ul style="list-style-type: none"><li>- Brannstasjonen</li><li>- Tur rundt barnehagen, utan vogn. Ha tid og rom for undring over det vi finn når vi går på tur</li><li>- Opne for bornas innspel i kvardagen</li></ul>
2- 3 år: Fortsette tidlegare arbeid. Borna skal få erfaring med og forståing for trafikk	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kyrkjeparken</li><li>- Biblioteket i Lindåshallen</li><li>- Bruka trafikkreglene når vi er på tur. Sjå oss til begge sider før vi kryssar vegen, nytta gule vestar, halda hender, vaksen først og sist, lytta til dei vaksne.</li></ul>
3- 4 år: Fortsette tidlegare arbeid. Borna skal få erfare lengre turar og friluftslivets gleder. Borna skal vita kvifor vi har fortau og gangfelt. Borna skal erfare likestilling. Borna skal få innsikt i ulike kulturar.	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eventyrstund og barnekino på biblioteket i Lindåshallen</li><li>- Haukåsskolten</li><li>- Ete mat ute på turdagar</li><li>- Nyttta fortau og gangfelt</li><li>- Arbeide for likestilling mellom gutar og jenter</li><li>- Arbeide med å sjå likskapar og ulikskapar mellom ulike kulturar</li></ul>
4- 5 år: Fortsette tidlegare arbeid. Borna skal oppleve medbestemmelse og demokrati.	<ul style="list-style-type: none"><li>- Inkludere borna i planlegging av turdagar</li><li>- Haukåsskolten</li></ul>
5- 6 år: Fortsette tidlegare arbeid. Sikre ein god overgang mellom barnehage og skule.	<ul style="list-style-type: none"><li>- Gjere seg kjend med uteområdet på skulen</li><li>- Delta på fredagssamlingar på skulen?</li><li>- Haukåsskolten og Kolåstoppen</li><li>- Besøke eldreboligene i Skrenten</li></ul>



## KAP.4 PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING.

### 4.1 Planlegging

Barnehagen sitt planverktøy er

- Rammeplan for barnehagar
- Årsplan for Kolås barnehage
- Stortingsmeldingar
- Plan for barnehagebasert vurdering

Det vert utarbeidd månadsplanar ut frå måla i årsplanen og ut frå evaluering av arbeidet undervegs. Her skal innspel frå barna ha stor innverknad på arbeidsmetoder og prosjektarbeid som vert nytta for måloppnåinga.

### 4.2 Dokumentasjon

Dokumentasjon av livet i barnehagen skjer gjennom digitale foto, video, barns arbeid og barns forteljing. Dokumentasjonen vert nytta for å gi foreldra informasjon om livet i barnehagen, og som refleksjonsgrunnlag for vidare arbeid og planlegging.

### 4.3 Vurdering

Avdelingane arbeider på avdelingsmøta med fortløpande vurdering av arbeidet med fagområda og av det sosiale samspelet mellom barna, og mellom barna og dei vaksne. Desse må gje grunnlag for samtalar og refleksjon dei vaksne i mellom.

<b>KVEN:</b>	<b>KVA SKAL VURDERAST:</b>	<b>KVIFOR:</b>	<b>KORLEIS:</b>	<b>NÅR:</b>
Barn	Barnehagekvardagen	Vidareutvikle kvaliteten på barnehage-tilbodet.	Observasjon Samtale med barn Barns forteljing TRAS	Gjennomgåande
Foreldre	Barnehagekvardagen	Foreldre skal oppleve at barnet trivast og blir ivaretatt på ein god måte.	Foreldresamtalar KS si brukarundersøking for foreldre	2 gonger årleg
Personalet	Barnehagekvardagen Vaksenrolla DUÅ	Vidareutvikle kvaliteten på barnehage-tilbudet vi gir til barn og foreldre.  Sjekke ut korleis vi har fått implementert DUÅ i kvardagen vår.	KS sin medarbeidarundersøking Medarbeidar-samtalar Vernerunde Gruppearbeid / evaluerings-skjema	Personalmøte og planleggings-dagar

## KAP.5 SAMARBEID

### 5.1 Overgangar



#### **Når barnet startar i barnehagen**

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhørse og tryggleik til å leike, utforske og lære.»*

(Rammeplanen kap. 6)

Rutinar i Kolås ved oppstart i barnehagen:

- Mål for tilvenning: Skape ein trygg og god relasjon til barn og foreldre.
- Få til eit godt samarbeid med foreldra i tilvenningsfasen. Gjere individuelle tilpassingar i forhold til barnets behov og foreldra si mulighet for fleksibilitet.
- Starte tilvenning så tidleg som mogleg. F.eks med besøksdagar i mai og juni. Oppfordre foreldra til å nytta leikeplassen i barnehagen gjennom sommaren.
- Legge til rette fysisk miljø og praktiske oppgåver, slik at ein kan nytta mest mogleg til saman med borna.
- Legge til rette for stabilitet i personalet, slik at dei nye borna i størst mogleg grad treff dei same fjesa kvar dag.
- Lage ein plan for dei borna som allereie går på avdelinga. Tilvenning av nye barn kan opplevast som ei utfordring for borna som ikkje er nye.

#### **Overgang frå liten til stor avdeling**

*«Overgangar skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når dei byter barnegruppe.»*

(Rammeplanen kap. 6)

I Kolås vert gjerne overgangen frå liten til stor avdeling større enn i ein vanleg barnehage, ettersom barnehagane ligg fysisk frå kvarandre og born og vaksne på avdelingane ikkje omgås til dagleg. Dette er personalet bevisst på og vi har nokre tiltak for å lette overgangen frå liten til stor avdeling, som vi ser at borna har god nytte av. Vi prøver å få til at ein kjend vaksen flyttar med borna opp på stor avdeling, slik at dei har med seg ein vaksen dei kjenner og er trygg på. Dei som skal byrja på stor avdeling nyttar turdagane på våren til å gå opp på Soria Moria for å gjere seg kjend med born, personalet og det fysiske miljøet inne og ute.

#### **Overgang barnehage- skule**

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen og deira overgang til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.»*

(Rammeplanen, kap 6)

Rutinar for overgang barnehage-skule er nedfelt i eigen plan, som vart gjort gjeldande frå 01.01.2010 for heile Lindås kommune. Kolås barnehage har eit godt samarbeid med Lindås barneskule, som er næraste nabo til Soria Moria, der skulestartarane går. Soria Moria nyttar uteplassen til skulen, slik at borna kan gjere seg kjende der. Når det passar deltek skulestartarane på fredagssamlingar i aulaen ein gong i månaden saman med barneskulen. Om

nokon treng meir tid på å bli kjend og trygg avtalar vi tiltak i samarbeid med skulen og dykk foreldre.

## **5.2 Dinosaurskulen, samarbeid og overgang til skulen**

Dette barnehageåret har vi 11 skulestartarar. Dei går på avdelinga Soria Moria, ved Lindås barneskule.

Hovudfokuset for førskulegruppene vil vere arbeidet med sosial kompetanse. Å vise prososial åtferd, empati, læra strategiar for konfliktløysing, kunna rosa kvarandre (sjå under fagområdet Etikk, religion og filosofi). Eit godt sosialt miljø er viktig for eit godt læringsmiljø. Borna vil få små oppgåver dei skal gjera heime, som vi håper dykk foreldre kan hjelpe oss å følgja opp.

Vi vil jobba med skuleførebuande aktivitetar som språklege medvit (rime, lytte ut lydar og stavingar, rytme i språket), begynnande matematikkopplæring (form, farge, storleik, lokalisering). Vi vil motivere borna til å skriva og teikna for at barna skal utvikla rett blyantgrep.

Det er også viktig at barna vert sjølvstendige når det gjeld påkledning, toalettbesøk og at dei kan halde orden i sakene sine.

For å få best mogleg utbytte av dette arbeidet, er samarbeidet med foreldre ein viktig del. Vi er avhengig av innspel og tilbakemeldingar frå foreldra på arbeidet og innhaldet i Dinosaurskulen. Det vert informasjon til førskuleforeldra om dette på foreldremøtet i haust.

### **MÅL FOR ARBEIDET**

- Å utvikle sosiale ferdigheter
- Å få kjennskap til matematiske omgrep
- Å kunna skrive namnet sitt
- Å utvikla sjølvhjelpsferdigheter



*Dina Dinosaur gleder seg til nye barn på Dinosaurskulen i Kolås barnehage*



### **5.3 Samarbeid med hjelpeinstansane.**

I nokre tilfelle er det behov for samarbeid med hjelpeinstansane. Det vil seie helsesøster, PP-tenesta, barnevern, sosialkontor, barne- og ungdomspsykiatrien osv.

Der det er behov for det, vert det oppretta samarbeid mellom desse instansane og barnehagen/foreldra. Samarbeidet vert oppretta i samråd med foreldra (med unntak av nokre spesielle tilfelle).

#### **Plan for arbeidet for barn med særskilde behov.**

Vi nyttar ”Handbok for spesialpedagogiske tiltak”.

Denne er utarbeidd for Lindås kommune og fins i barnehagen.

<b>KVA:</b>	<b>KORLEIS:</b>	<b>KVIFOR:</b>
Barn som barnehagen meiner har særskilde behov og treng ekstra oppfølging.	Observasjonar, drøfting, vurdering av barnet, for å kartleggje vanskane. Samtale med foreldra om vanskane. Evt. melde opp barnet til PPT eller andre hjelpeinstansar. Evt. Søkje om tilleggsressursar.	For at barnet om nødvendig skal få den ekstra hjelpen og oppfølginga det har bruk for. Det kan vere til språkutvikling, sosial utvikling, motorisk utvikling etc.
Barn som er tildelt ekstra ressursar i barnehagen i form av spesialpedagog og/eller ekstra assistent.	Lage individuell opplæringsplan, IOP. Denne blir brukt til arbeidsreiskap for spesialpedagog og personalet. Sjå handbok for spes.ped. tiltak.	For å gje barnet eit best mogeleg tilbod og utvikling ut i frå det enkelte barnet sitt ståstad. Viktig med eit godt samarbeid mellom spesialpedagog og barnehage, slik at barnehagen kan prøve å vidareføre det spesialpedagogen gjer og spesialpedagogen veit kva barnehagen er opptatt av.
Evaluering kvart halvår av individuell opplæringsplan (IOP).	Vurderer kor langt barnet er kome i forhold til mål i planen og evt. justere planen.	For å sikra at måla i individuell opplæringsplan best mogeleg blir nådd.
Overgang frå barnehage til skule.	Sjå handbok for spes.ped tiltak for prosedyre.	For at barnet skal vera sikra nødvendig ekstra hjelp i skulen ved oppstart.
Integrere barn med særskilde behov i barnehagekvardagen.	Spesialundervisning (frå spes.ped og assistent) bør i størst mogeleg grad gå føre seg inne på avdelinga eller i gruppe med fleire barn. Spesialundervisning som krev einetrening, bør i størst mogeleg grad leggjast utanom gruppetida.	Det er viktig at barna vert integrert og får tilhørighet i barnegruppa.

### **5.4 Utdanningsinstitusjonar.**

Barnehagen har rettleiarar både for lærlingar til barne- og ungdomsarbeidarfaget og barnehagelærarstudentar. Vi har ein 4- årig avtale med NLA- Høgskulen om å ta i mot minst to studentar kvart barnehageår. Nina L., Cathrine og Hanne vert rettleiarar for desse. Grethe er rettleiar for lærlingar. Foreløpig har vi ikkje lærling i Kolås i år.



## **KAP.6 DIVERSE INFORMASJON.**

### **6.1 TELEFONNUMMER I KOLÅS BARNEHAGE.**

**Hovudtelefonnummeret til Kolås barnehage er: 56375398**

**Her når de alle avdelingane.**

**Mona Hagewick, einingsleiar: Kontor 56 37 54 82. Mobil 95 14 69 23**

**E-post: [mona.hagewick@lindas.kommune.no](mailto:mona.hagewick@lindas.kommune.no)**

**Hanne Haukås, styrar: Kontor 56 37 53 99. Mobil 48 10 55 17.**

**E-post: [hanne.haukas@lindas.kommune.no](mailto:hanne.haukas@lindas.kommune.no)**

**Kvar avdeling har mobiltelefon. Telefonnumra til desse er:**

<b>Avdeling:</b>	<b>Telefon avd:</b>
<b>Regnbogen</b>	<b>41 43 12 79</b>
<b>Gullgruva</b>	<b>47 46 28 78</b>
<b>Soria Moria 1</b>	<b>40 91 26 80</b>
<b>Soria Moria 2</b>	<b>40 91 26 81</b>



## **6.2. Barn på dei ulike avdelingane.**

### **Regnbogen**

Namn	Født	Namn	Født
William Hansen	2015	Imre	2016
Phillip	2015	Linnea TH	2016
Linnea RH	2016	William LK	2016
Julian Elias	2016	Mohamed	2017
Artur Antoni	2016		

### **Gullgruva**

Namn	Født	Namn	Født
Andreas	2016	Max	2016
Tina Elena	2016	Sigrid	2016
Theo	2016	Mohamad	2017
Mathias	2016	Odin	2017
Dennis	2016		

### **Soria Moria**

Namn	Født	Namn	Født	Navn	Født
Aleks	2013	Ramsey	2014	Linnea	2015
Oliver	2013	Nikolai	2014	Vårin	2015
Marcus	2013	Emilian	2014	Nour	2015
Oscar	2013	Yrja Olava	2014	Eiril	2015
Caspar	2013	Sander SM	2014	Maria Angelica	2015
Angela	2013	Tina-Maria	2014	Ema	2015
Eline Helen	2013	Aleksander	2014	Andrine	2015
Annie	2013	Noah Elias	2014		
Olav Steven	2013	Adrian	2014		
Julia	2013	Sander VA	2014		
Kira Isabel	2013	Leon	2014		

## **Kap. 6.3 Vedtekter**



LINDÅS KOMMUNE  
RÅDMANNEN

### **VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR**

Vedtekne i kommunestyret 02.05.2013.

#### **§ 1 EIGARTILHØVE**

Barnehagen er eigd og vert driven av LINDÅS KOMMUNE

#### **§ 2 LOVVERK**

Barnehagen vert driven i samsvar med Lov om barnehage m/forskrifter og Rammeplan for barnehage. Gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet / Utdanningsdirektoratet og til ei kvar tid gjeldande kommunale målsetjingar, årsplan og kvalitetssikringsplan for barnehagane, er lagt til grunn for verksemda.

#### **§ 3 FORMÅL**

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (jfr. LOB § 1).*

#### **§ 4 ORGANISERING**

Frå 01.08.12 er dei 3 kommunale barnehagane i Lindås organisert i ei eining. Eininga er leia av ein einingsleiar, og det er styrar i kvar enkelt barnehage.

#### **LOB kap V: Personalet**

Lindås kommune følgjer LOB når det gjeld personale i barnehage.

**LOB § 17 Styrar** ”Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse”.

### **LOB § 18 Barnehagens personale**

Lindås kommune følgjer norm for pedagogisk bemanning jfr. LOB § 18 og forskrift om pedagogisk bemanning. Bemanninga må vere tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd.

Kommunen/eigaren tilset personalet. Det vert utarbeidd arbeidsavtale for alle tilsette.

### **Arealutnytting**

Rettleiande norm for barns leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og om lag 1/3 meir per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

## **§ 5 RETT TIL BARNEHAGEPLASS**

*”Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen. (jfr. LOB § 12a)*

## **§ 6 SAMORDNA OPPTAKSPROSESS I KOMMUNEN**

*”Alle godkjente barnehagaer i kommunen skal samarbeide om opptak av barn.*

*Kommunen skal legge til rette for en samordnet opptaksprosess, der det tas hensyn til barnehagens mangfold og egenart.” (jfr LOB § 12)*

Det er utarbeidd eitt felles elektronisk søknadsskjema for alle barnehagane i Lindås. Rådgjevar barnehage administrerer opptaket i nært samarbeid med styrarar / einingsleiarar i barnehagane. I opptaksprosessen er det nær kontakt med helsesøster, PPT og barnevern.

Barnehagen sin opptakskrets og opptakskriterier skal vere definert i vedtektene. ( jfr. forskrift til LOB)

## **§ 7 OPPTAKSKRITERI**

Barn busett i Lindås kommune vert prioriterte ved opptaket.

*”Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. (jfr. LOB§12a)*

*”Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.*

*Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barnevernstjenester §§4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.*

*Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.”(jfr LOB § 13)*

Prioritering / opptak av barn som ikkje fyller retten til plass, skal skje etter følgjande prioritering jfr. punkt 7 i Barnehageplan 2012-2015 vedteke i Ko 24.11.2011:

1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn med vedtak etter lov om barnevernsteneste skal ha 1.prioritet også utanom hovudopptaket.
2. Barn med lovmessig rett, men har søkt etter 1.mars.
3. Barn med lovmessig rett, men har flytta til kommunen etter søknadsfrist.
4. Barn utan lovmessig rett vert tatt inn etter høgst alder.

### **KLAGE PÅ OPPTAK**

§ 6 Klagerett jfr. Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage

*“Ved hovudopptak kan søkjar klage over avslag på søknad om barnehageplass. Søker kan også klage dersom søker verken får sitt første eller andre ønske oppfylt.*

*Ved supplerende opptak kan bare søkere til barnehagen med lovfestet rett til prioritet etter barnehageloven § 13 klage dersom de ikke tilbys plass i den aktuelle barnehagen”.*

### **§ 8 SØKNAD OM OPPTAK**

Søknadsfrist til hovudopptaket er **1.mars**. Kommunen tar i mot søknader heile året og ledige plassar vert tildelt som omtalt i § 7.

Barn som står på venteliste må sende ny søknad til hovudopptaket.

### **OPPTAKSSYSTEMET**

Barn som har fått plass i kommunal barnehage får behalde plassen ut barnehageåret det året barnet tek til på skulen, eller til foreldre / føresette skriftleg seier opp plassen. Barn frå andre kommunar får behalde plassen eitt barnehageår om gangen.

### **OPPSEIING / ENDRING AV Plass**

Endring av plass kan i utgangspunktet berre skje dersom det ikkje fører til at det blir ståande tomme plassar i barnehagen. Skal eit barn slutte i barnehagen i løpet av barnehageåret, må skriftleg oppseiing av plassen sendast barnehagen minst 2 månader før

barnet vert teke ut. Dersom eit barn sluttar etter 1.april, kan det krevjast betaling for resten av barnehageåret.

### **PERMISJON**

Ved barselpermisjon, mellombels flytting og liknande kan det søkjast om permisjon frå barnehageplassen. Permisjon kan verte gjeve for heile eller halve barnehageår, og vert mellom anna vurdert ut frå om anna barn kan fyller plassen. Permisjonssøknaden må nøye vurderast i høve til ledige plassar for det barnehageåret barnet kjem tilbake. Søknad om permisjon skal vere skriftleg, og sendast einingsleiar minst ein månad før den skal gjelde.

### **§ 9 FORELDREBETALING**

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Lindås kommune føl statlege pålegg om makspris. Foreldre / føresette betalar for 11 månader i året. Innbetalinga skal skje innan den 20. kvar månad. Manglande betaling og stadig for sein henting kan føre til at barnet misser plassen. Gebyr for for sein henting er på kr. 200,-.

#### **§ 10 OPNINGSTIDER / BARNEHAGERUTE**

Opningstida i barnehagen er i all hovudsak frå 07.00 – 17.00, men det kan variere litt i dei ulike barnehagane. Undersøk difor opningstida med den enkelte barnehage. Barna har ei opphaldstid på 9 timar per dag.

Barna har tilbod om plass i 12 månader. Barnehageåret startar medio august. Barnehagen følgjer barnehageruta, og er stengd for barn på julaftan og nyttårsaftan. Onsdag før påske er barnehagen open til kl.12.00. Barnehagen har 5 planleggings-/ kursdagar i året jfr. barnehageruta. Desse dagane er barnehagen stengt.

#### **FERIEAVVIKLING FOR BARN**

Barnehagen er open 12 månader i året, men barna skal sikrast 4 veker ferie kvart barnehageår. Tre av ferievekene skal vera samanhengande, og takast ut mellom medio juni - medio august. Den siste ferieveka skal takast ut heil, gjerne i samband med jule eller påskeferie. Sommarferie må meldast til styrar innan 15. april, anna ferie må avtalast minst to veker før ferie skal avviklast.

Dersom det i nokre av vekene i juli er lite barn i barnehagen, vert barnehagen stengt. Nedre grense for å halde barnehagen open er 7 barn per dag. Dersom det nokre dagar i veka er mindre enn 7 barn, vert barnehagen stengd heile veka. Dei største barnehagane vil vere opne heile året, men når det er lite barn vert avdelingane slått saman.

#### **§ 11 FRAMMØTE V/SJUKDOM**

Styrar avgjer om eit barn p.g.a. sjukdom ikkje kan / skal vere i barnehagen.

#### **§ 12 FORVALTNING**

Kommunen fører det lokale tilsynet med barnehagane jf. LOB, §§ 8 og 16

#### **§ 13 STYRINGSVERK**

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd jf. LOB § 4.

*Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.*

Einingsleiar / styrar har møte- og uttalerett, men ikkje stemmerett. Einingsleiar / styrar kallar inn til første møte, seinare er dette leiar i SU si oppgåve.

#### **§ 14 TEIEPLIKT**

§ 20. Teieplikt

*”For verksemder etter denne lov gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 til 13 f tilsvarende”.*

#### **§ 15 INTERNKONTROLLSYSTEM**

Kvar barnehage skal ha eit internkontrollsystem som dokumenterar at helse, miljø

og tryggleik er ivareteken jfr. Lindås kommune sitt HMT-system.

**§ 16 POLITIATTEST**

Den som arbeider i barnehage skal legge fram tilfredstillande politiattest jfr. LOB § 19.

**§ 17 HELSEKONTROLL AV BARN OG PERSONALE**

§ 23 LOB

*”Før eit barn begynner i barnehage, skal det leggest fram erklæring om barnets helse. Barnehagens personale har plikt til å gjennomgå tuberkulosekontroll i henhold til gjeldende regelverk”.*

**§ 18 VEDTEKTSENDRINGAR**

Endringar i vedtektene skal godkjennast av kommunestyret.

## 6.4. Skule- og barnehagerute, 2017-2018



Lindås kommune

Ferie og fridager for skular og barnehagar 2018-2019  
VEDTATT 30.11.17

- Elevfrle dagar i grunnskolen
- Planleggingsdagar i barnehagar (barnehagar stengde)

august 2018							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
31			1	2	3	4	5
32	6	7	8	9	10	11	12
33	13	14	15	16	17	18	19
34	20	21	22	23	24	25	26
35	27	28	29	30	31		

september 2018							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
35						1	2
36	3	4	5	6	7	8	9
37	10	11	12	13	14	15	16
38	17	18	19	20	21	22	23
39	24	25	26	27	28	29	30

SFO-start 11 mnd. tilbod onsdag 1. august  
Barnehageåret starter 13.sept  
Første dag for nye barn i barnehagane 15.august  
Skulestart torsdag 16. august

oktober 2018							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
40	1	2	3	4	5	6	7
41	8	9	10	11	12	13	14
42	15	16	17	18	19	20	21
43	22	23	24	25	26	27	28
44	29	30	31				

november 2018							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
44				1	2	3	4
45	5	6	7	8	9	10	11
46	12	13	14	15	16	17	18
47	19	20	21	22	23	24	25
48	26	27	28	29	30		

desember 2018							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
48						1	2
49	3	4	5	6	7	8	9
50	10	11	12	13	14	15	16
51	17	18	19	20	21	22	23
52	24	25	26	27	28	29	30
1	31						

Siste skuledag før juleferien 21.des.  
Barnehagar stengde 24. og 31. desember

Hautferie 8. - 12. oktober

Elevfri og barnehagar stengt 9. november

januar 2019							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
1		1	2	3	4	5	6
2	7	8	9	10	11	12	13
3	14	15	16	17	18	19	20
4	21	22	23	24	25	26	27
5	28	29	30	31			

februar 2019							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
5					1	2	3
6	4	5	6	7	8	9	10
7	11	12	13	14	15	16	17
8	18	19	20	21	22	23	24
9	25	26	27	28			

mars 2019							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
9					1	2	3
10	4	5	6	7	8	9	10
11	11	12	13	14	15	16	17
12	18	19	20	21	22	23	24
13	25	26	27	28	29	30	31

Første skuledag etter juleferien 3. januar

Elevfri og barnehagar stengt 1. februar  
Vinterferie 25.februar - 1. mars

april 2019							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
14	1	2	3	4	5	6	7
15	8	9	10	11	12	13	14
16	15	16	17	18	19	20	21
17	22	23	24	25	26	27	28
18	29	30					

mai 2019							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
18			1	2	3	4	5
19	6	7	8	9	10	11	12
20	13	14	15	16	17	18	19
21	20	21	22	23	24	25	26
22	27	28	29	30	31		

juni 2019							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
22						1	2
23	3	4	5	6	7	8	9
24	10	11	12	13	14	15	16
25	17	18	19	20	21	22	23
26	24	25	26	27	28	29	30

Påskeferie 15. - 22. april

Offentleg høgtdisdag 1. mai  
Grunnlovsdag 17. mai  
Kr. himmelfartsdag 30. mai  
Elevfri og barnehagar stengt 31. mai

2. pinsedag 10. juni

Siste skuledag før ferien 20. juni

**MERKNADER:**  
Planleggingsdagane 8. november og 1. februar er felles i Nordhordlandkommunane. Nordhordland kompetanseregion NKR tilbyr kurs desse dagane